

## Saksprotokoll

---

**Organ:** Plan og forvaltningsutvalet  
**Møtedato:** 08.06.2021

---

**Arkivsaksnr.:** 19/331-9  
**Saksnr.:** 27/21

### Saksprotokoll - Detaljreguleringsplan Leikgjerdet bustadfelt gbnr. 23/66 m.fl.

#### **Handsaming:**

**Rådmannen rår plan- og forvaltningsutvalet til å gje slik tilråding:**

**Plan- og forvaltningsutvalet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

Kommunestyret vedtek detaljreguleringsplan for Leikgjerdet bustadfelt, gbnr. 23/66 m.fl. i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

Detaljreguleringsplan for Leikgjerdet bustadfelt, gbnr. 23/66 m.fl.

Plankart dagsett 30.04.2021

Føresegn dagsett 30.04.2021

Vedtaket er grunngjeve ved at planframlegget inneheld planfaglege tilfredsstillande grep, og er i tråd med overordna plan.

#### **Endringsframlegg:**

Malén Røysum, Sp la fram nytt punkt 3.2 a) i føresegnene:

Privat og felles uteareal og nærleikeplass innanfor reguleringsplanområdet i samsvar med krav i arealplanen og illustrasjonsplanen, dagsett 30.04.21. Områdeleikeplass er lagt til eksisterande i Rutlinslid og det skal opparbeidast terrengtilpassa gangsti frå planområdet til leikeplassen

#### **Avrøysting:**

Framlegget frå Malén Røysum, Sp vart samrøystes vedteke.

#### **Dette gir følgjande vedtak:**

**Plan- og forvaltningsutvalet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

Kommunestyret vedtek detaljreguleringsplan for Leikgjerdet bustadfelt, gbnr. 23/66 m.fl. i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

Detaljreguleringsplan for Leikgjerdet bustadfelt, gbnr. 23/66 m.fl.  
Plankart dagsett 30.04.2021  
Føresegn dagsett 30.04.2021

Vedtaket er grunngjeve ved at planframlegget inneheld planfaglege tilfredsstillande grep, og er i tråd med overordna plan.

Nytt punkt 3.2 a) i føresegnene:

Privat og felles uteareal og nærleikeplass innanfor reguleringsplanområdet i samsvar med krav i arealplanen og illustrasjonsplanen, dagsett 30.04.21. Områdeleikeplass er lagt til eksisterande i Rutlinslid og det skal opparbeidast terrengtilpassa gangsti frå planområdet til leikeplassen.